



Reglement for torghandel i Stranda kommune

Gjeldande for Stranda (Hellesylt har per tid ikkje torgplass)

§ 1: Plassering

Kommunale reguleringsplanar m/vedtekter avgjer kva for offentlege plassar eller delar av offentlege plassar som skal nyttast til torghandel. Plassane skal vere oppmerka.

§ 2: Administrasjon

Torghandelverksemda blir administrert av servicekontoret.

§ 3: Søknad

Ein må søkje om torgplass eller torgbod (gjeld kun Geiranger) på *fastsett skjema*. Dette er lagt ut på heimesida til kommunen. Søknaden vert handsama av servicekontoret.

§ 4: Kven som kan få løyve

Ingen må drive næringsverksemd på offentlig torg utan løyve av kommunen.

Salsplassar kan tildelast verksemd/ personar som er registrerte med føretak i Brønnøysundregisteret.

Søknad om torgplass skal skje på fastsett skjema der det skal gå fram kva type varer som skal seljast og kva tidsrom det gjeld.

Born under 16 år kan ikkje drive torghandel utan som hjelp for vaksne. Kommunen kan krevje legitimasjon.

Eit løyve kan ikkje overdragast/framleigast til andre.

Det er ikkje høve til å søkje om å få disponere torg eller annan kommunal eigedom for å stengje andre aktørar ute. Det er forventa at torghandlaren er tilstades store delar av leigetida.

§ 5: Torgavgift

Prisane vert fastsett av Utval for miljø og kommunalteknikk, og blir regulerast årleg. Prisane finner ein på det elektroniske skjemaet.

Humanitære og friviljuge organisasjonar og lag innan kulturlivet er fritekne for betaling av avgift.

§ 6: Produkt og prioritering

Følgjande varer kan omsetjast:

- a. Produkt *i si naturlege form* frå jord- og hagebruk, ville urter, bær blomar og liknande produkt, husflidsprodukt, lettare bijouteri/uedle smykke, teikningar, måleri, musikkassettar og varer tilverka ved eigen heimeindustri.
- b. Mat- og tradisjonsprodukt tilverka av produsentar godkjende av Bondens Marked
- c. Produkt frå fisk og skaldyr i *fersk og tilverka form*.
- d. Andre varer enn dei som er nemnde under a) eller b), loddsal og andre aktivitetar og som ikkje er omhandla i Lov om handelsverksemd.

Ved plassmangel har dei som sel varer frå eigen produksjon og som er frå Stranda kommune førsterett til plass.

Ein leigetakar kan ikkje opphalde torgplassar samanhengande i meir enn 14 dagar pr. sesong dersom det er etterspurnad frå andre om å få leige, og det ikkje er ledige plassar til desse.

§ 7: Ordensreglar og reinhald

Torghandlarar skal halde seg innafor sin tildelte plass. Dei skal sørge for god orden på staden i salstida, og sørge for at omgjevnadene ikkje bli påførde ulemper.

Når salstida er slutt skal varer og utstyr fjernast frå torgarealet og plassane skal vere reingjorde og rydda. Ein skal koste, og om naudsynt spyle etter seg. Seljarane skal sjølv fjerne avfall, emballasje og liknande.

Torghandlarar som har løyve over fleire dagar plass kan la faste installasjonar stå på torget utanom salstidene. Slike avtalar kan kallast attende når som helst, og vognene må då fjernast. Om naudsynt kan kommunen fjerne vognene for eigar si rekning.

Det er berre tillate å nytte tildelt plass, sjølv om annan plass er ledig.

§ 8: Opningstider

Torghandel er tillate alle kvardagar i tidsrommet:

- Måndag – fredag : kl. 08:00 - kl. 20:00
- Laurdagar : kl. 08:00 - kl.18:00

På sundagar, heilagdagane og offentlege høgtidsdagane er torget stengt for handel. Torget kan likevel haldast ope dei sundagane i desember då forretningane elles kan halde ope i medhald av opningstidslova, og når forretningane har sein- eller nattope.

Geiranger og Hellesylt har turiststatus som er regulert i eiga lokal forskrift¹. Regelverket for dette overstyrer opnings- og lukningsvedtekne i dette reglementet.

¹ Forskrift om Geiranger og Hellesylt som typiske turiststader, Stranda kommune, Møre og Romsdal. FOR-1999-05-25-498.

Når særlege forhold gjer det ønskjeleg, kan servicekontoret einskilde dagar innskrenke / forlenge salstidene, eller heilt forby torghandel.

Ingen må setje fram sine varene sine tidlegare enn ein halv time før salstida startar.

§ 9: Parkering

Køyrety som ikkje vert nytta som salsbu kan ikkje parkerast på torget.

§ 10: Hygienereglar ved sal av matvarer

Seljar av næringsmiddel plikter å setje seg inn i og følgje dei til ei kvar tid gjeldande reglar og pålegg for kvalitet, hygiene og reinsemd frå helsemyndigheiter og Mattilsyn.

Ved sal av matvarer må ein ha godkjenning frå Mattilsynet. Slik godkjenning skal vere ordna på søknadstidspunktet.

På salsstaden må det vere skriftleg eller tilsvarende informasjon til publikum om kven det er som byr fram produktet.

§ 11: Tilkomst og ferdsel på torget

Torghandelen skal ikkje hindre fri ferdsel og skal ikkje vere til sjenanse for andre. Det er ikkje lovleg å sette opp skilt andre stadar enn i den tildelte sona. Dette gjeld særskilt gangsoner. Det skal vere ein passasje på 1,5m frå salsområdet og eventuelt anna stengsel.

§ 12: Bortvising

Den som trass i oppmoding ikkje følgjer reglane kan bli vist bort frå plassen av den som har gitt løyve, og kan også bli nekta torgplass seinare.

§ 13: Klageorgan

Avslag på søknad og tilbakekalling av løyve kan klagast til Utvalet for miljø- og kommunalteknikk.

§ 14: Gjeldande kommunalt vedtak

Gjeldane reglementet er vedteke i kommunestyret 11.05.2022, KOM-sak 22/3210. Reglementet har vorte administrativt behandla den 22.12.2023

Reglement for salsboder som sel opplevingar på fjorden i Geiranger

§ 1: Plassering

Kommunale reguleringsplanar m/vedtekter avgjer kva for offentlege plassar eller delar av offentlege plassar som skal nyttast til salsboder.

§ 2: Administrasjon

Handelverksemda blir administrert av servicekontoret.

§ 3: Søknad

Ein må søkje om salsplass på *fastsett skjema*. Dette er lagt ut på heimesida til kommunen. Søknaden vert handsama av servicekontoret.

Dersom ein ynskjer å leie ei torgbod i eitt heilt år, må ein søkje om dette innan 15 november året før, via vanleg skjema. Gjeld dette fleire aktørar vil rådmann og ordførar gjennomføre ei loddtrekning, blant interessentane som har søkt om plass. Det er mogleg å oppgje kva torgbod ein ynskjer å leie, og såfremt det er mogleg vil servicekontoret etterkome dette ynskje.

§ 4: Kven som kan få løyve

Ingen må drive næringsverksemd på offentlig plass utan løyve av kommunen.

Salsplassar kan tildelast verksemdar/ personar som er registrerte med føretak i Brønnøysund-registeret.

Søknad om salsplass skal skje på fastsett skjema der det skal gå fram kva type opplevingar på fjorden som skal seljast og kva tidsrom det gjeld.

Born under 16 år kan ikkje drive sal utan som hjelp for vaksne. Kommunen kan krevje legitimasjon.

Eit løyve kan ikkje overdragast/framleigast til andre.

Det er ikkje høve til å søkje om å få disponere salsplass eller annan kommunal eigedom for å stengje andre aktørar ute. Det er forventat at aktøren som driv sal, er tilstades store delar av leigetida.

§ 5: Torgavgift

Prisane skal fastsetjast av utval for miljø og kommunalteknikk og blir regulert årleg. Humanitære og frivillige organisasjonar og lag innan kulturlivet er fritakne for betaling av avgift. Prisen er oppgitt i søknadsskjema.

§ 6: Produkt og prioritering

Varer som kan omsetjast på salsplassane er opplevingar på fjorden. Ved plassmangel vil dei som er frå Stranda kommune verte prioritert.

§ 7: Ordensreglar og reinhald

Seljarane skal halde seg innafor sin tildelte plass. Der dei skal sørge for god orden på staden i salstida, og sørge for at omgjevnadene ikkje blir påførde ulemper.

Når salstida er slutt skal plassane vere reingjorde og rydda. Ein skal koste, og om naudsynt spyle etter seg. Seljarane skal sjølv fjerne avfall, emballasje og liknande.

Seljarar som har løyve over fleire dagar plass kan la faste installasjonar stå, utanom salstidene. Avtalen kan kallast attende når som helst, og eventuelle salsvogner må då fjernast. Om naudsynt kan kommunen fjerne salsvogner for eigar si rekning.

Det er berre tillate å nytte tildelt plass, sjølv om annan plass er ledig.

§ 8: Opningstider

Handel er tillate alle kvardagar i tidsrommet:

- Måndag – fredag : kl. 08:00 - kl. 20:00
- Laurdagar : kl. 08:00 - kl.18:00

På sundagar, heilagdagar og offentlege høgtidsdagur er området stengt for handel.

Geiranger har turiststatus som er regulert i eiga lokal forskrift². Regelverket for dette overstyrer opnings- og lukkingsvedtekne i dette reglementet.

Når særlege forhold gjer det ønskjeleg, kan servicekontoret einskilde dagar innskrenke / forlange salstidene, eller heilt forby torghandel.

§ 9: Tilkomst, ferdsl og parkering

Køyrety som ikkje vert nytta som salsbu kan ikkje parkerast på salsområdet. Salsboda skal ikkje hindre fri ferdsel og skal ikkje vere til sjenanse for andre. Det er ikkje lovleg å sette opp skilt andre stadar enn i den tildelte sona. Dette gjeld særskilt i gangsoner. Det skal vere ein passasje på 1,5m frå salsområdet og eventuelt anna stengsel.

§ 10: Bortvising

Den som trass i oppmoding ikkje følgjer reglane kan bli vist bort frå plassen av den som har gitt løyve, og kan også bli nekta sals – og/eller torgplass seinare.

§ 11: Klageorgan

Avslag på søknad og tilbakekalling av løyve kan klagast utvalet for miljø – og kommunalteknikk.

§ 12: Gjeldande kommunalt vedtak

² Forskrift om Geiranger og Hellesylt som typiske turiststader, Stranda kommune, Møre og Romsdal. FOR-1999-05-25-498.

Gjeldane reglementet er vedteke i kommunestyret 11.05.2022, KOM-sak 22/3210.
Reglementet har blitt administrativt behandla 22.12.2023